

Foreldreinfo november 2021



Det har vore gjennomført møte i FAU den 04.11.21. Referat frå møtet finn de [her](#). Elevane gler seg til desemberfrukost den 10.12. – takk til alle føresette som vil laga i stand!

Neste SU/SMU blir den 07.12.

Lekser



Personalet på Vikeså har diskutert bruken av lekser i lys av forskning knytt til temaet.

Me har landa på at me ønsker å framleis bruka lekser for å øva på det dei lærer på skulen, innarbeida gode arbeidsvanar og for at de heime skal kunne vera kopla på det elevane arbeider med. Lekseplan er også eit viktig kommunikasjonsmiddel mellom skulen og heimen. Det skal sjølvstendig vera ei hensikt med leksene me gjer, og leksene skal bli fulgt opp på skulen.

Om det blir brukt for mykje tid på leksene kvar dag, så ta kontakt med kontaktlærer som vil hjelpe med tilpassing.

Fritak frå julegudsteneste

Skulane i Noreg er oppmoda til å legge til rette for at elevar kan delta på skulegudstenester i samband med høgtider.



På Vikeså gjennomfører me dette i samband med jul. Siste skuledag før ferien kan derfor dei elevane som ønsker få delta på julegudsteneste i Ivesdal kyrkje.

Skulegudstenester skal ikkje vera ei avslutning i seg sjølv, og me legg derfor til rette for mange andre aktivitetar denne dagen. Dei som ønsker å be om fritak frå gudstenesta vil få eit likeverdig alternativt opplæringstilbod saman med tilsette frå skulen i tida gudstenesta varer. Her vil elevane læra om norske tradisjonar og kultur i samband med høgtider.

Om ein ønsker fritak frå gudstenesta og/eller førebuing til denne, skal ein senda [dette skjemaet](#) til kontaktlærer. Elevar over 15 år har rett til å søka på eigne vegne.

Vinter på veg

Pass på at elevane har gode klede når snødagane kjem slik at dei kan nyta friminutta ute. Merk kleda godt med namn så er de sikre på å få dei heim att til ferien. Og hugs:

Dersom du vèl å ikkje
gleda deg over snøen,
vil du ha mindre
glede i livet,
men
same mengde snø.

Voss Lyrikklag



Det nærmar seg julemånaden. Julegrana er tent på skulen, og advent senker seg over oss med julestri, hygge og mørke men koselege morgonar og kveldar.

Elevane blir oppfordra til å sjå rundt seg om det er nokon som står utanfor, nokon som kunne trengt eit smil eller eit «Vil du ver me?» Oppfordrar og heimane til å tenke gjennom om det er klassekameratar ein kunne invitert heim som ikkje er på besøk så ofte, eller om ein skal gjere noko kjekt i lag som alle kan få tilbod om? Klisjear er ofte klisjear for ein grunn, og det er nok mykje sant i at den største gleda ein kan ha er å gjera andre glad – og nokre gonger skal det ikkje så mykje til.

Ønsker dykk alle ein fin desember!

Mvh
Svanhild Gjedrem
rektor

